

Sak I - Utkast til vedtektsendringar

Bakgrunn

LNU avviste våren 2021 søknad om støtte frå Frifond organisasjon til Norges Fjordhestlag 2021 sidan vedtektene ikkje oppfyller inngangskriteriene for støtteordninga Frifond organisasjon, jf. punkt 2 i retningslinjene. Søknaden vart ikkje handsama av LNU.

Begrunnelse for avvisning er:

Norges Fjordhestlag oppfyller ikke støtteordningens krav til demokratiske organisasjoner. I LNU's retningslinjer for Frifond organisasjon, punkt 2, står det at "Alle medlemmer i organisasjonen må ha fulle demokratiske rettigheter fra fylte 15 år, dvs. stemmerett, lik møterett, tale- og forslagsrett, og rett til å la seg velge som representant."

I Norges Fjordhestlag sine vedtekter, paragraf 3 om medlemskap, står det at "Alle som betalar full kontingent er hovudmedlem og kan ha verv i NFL, men må vere myndig." Videre sier paragraf 7 om årsmøte, at "Utsendingane til årsmøtet i Norges Fjordhestlag skal veljast på årsmøtet til lokallaga (evt. fylkeslaga og distriktslaga). Årsmøtet er ope for alle. Alle medlemmer i Norges Fjordhestlag har møte- og talerett. Berre styret og dei utvalde utsendingane har framleggs og røysterett. Utsendingane må vere myndige."

Paragraf 3 og paragraf 7 gir ikke stemmerett og retten til å la seg velge som representant til medlemmer under 18 år. Dette bryter med retningslinjenes punkt 2, og fører til at organisasjonen ikke oppfyller inngangskriteriene til Frifond organisasjon. Dette gjør at søknaden må avvises.

Bakgrunnen for desse retningslinjene er Barnelova §32 som gjer barn rett til å melde seg inn og ut av organisasjonar frå 15 år.

§ 32.Utdanning, medlemskap i foreiningar.

Barn som er fylt 15 år, avgjer sjølv spørsmål om val av utdanning og om å melde seg inn i eller ut av foreiningar.

Ekstraordinært årsmøte og evt. vedtektsendring

For å kome i posisjon for neste søknadsrunde må vedtektene endrast på eit ekstraordinært årsmøte. Det held ikkje å gjere det neste år. Det passar å legge eit slik møte til Haustmøtet 5.-7. november 2021. Frist for innkalling er som til ordinært årsmøte og må sendast tre veker før møtet (15.19.21)

Gjennomgang av vedtektene og utkast til endringar

Gjeldande	Framlegg (endring i raudt)
<p style="text-align: center;">VEDTEKTER for Norges Fjordhestlag</p> <p style="text-align: center;"><i>Oppdatert i årsmøtet 4. mai 2017</i></p>	<p style="text-align: center;">VEDTEKTER for Norges Fjordhestlag</p> <p style="text-align: center;"><i>Oppdatert i ekstraordinært årsmøte x. november 2021</i></p>
<p>§ 1 Lagsnamn</p> <p>Laget sitt namn er Norges Fjordhestlag. Norges Fjordhestlag er ein medlemsorganisasjon.</p>	<p>Inga endring</p>
<p>§ 2 Formål</p> <p>Norges Fjordhestlag har som formål å samle alle med interesse for fjordhest til sams arbeid til beste for denne hesterasen.</p> <p>For å bidra til dette skal Norges Fjordhestlag</p> <ul style="list-style-type: none">– sjå til at rasen vert halden rein og stettar eit allsidig brukskrav– medverke til eit tenleg og planfast avlsarbeid– representere fjordhestinteressene ovanfor styresmaktene, Norsk Hestesenter og samarbeide med andre hesteorganisasjonar i inn- og utland– fremje meir allsidig bruk av fjordhesten, utvikle konkurransereglar i køyring, riding m.m.– hjelpe til med omsetnad av fjordhest, særleg med omsyn til eksport – import– samt på andre måtar arbeide for utvikling og bruk av fjordhest <p>Laget skal gje ut eit medlemsblad.</p>	<p>Inga endring</p>
<p>§ 3 Medlemskap</p> <p>Norges Fjordhestlag er ein demokratisk medlemsorganisasjon med personleg medlemskap bygd på lokallag (evt. fylkeslag og distriktslag).</p> <p>Alle som støttar Norges Fjordhestlag sitt formål kan teikne medlemskap. Innmelding skjer direkte til Norges Fjordhestlag.</p> <p>Alle som betalar full kontingent er hovudmedlem og kan ha verv i NFL, men</p>	<p>§ 3 Medlemskap</p> <p>Norges Fjordhestlag er ein demokratisk medlemsorganisasjon med personleg medlemskap bygd på lokallag (evt. fylkeslag og distriktslag).</p> <p>Alle som støttar Norges Fjordhestlag sitt formål kan teikne medlemskap. Innmelding skjer direkte til Norges Fjordhestlag.</p> <p>Alle over 15 år som betalar full kontingent er hovud medlem og kan ha</p>

<p>må vere myndig.</p> <p>Æresmedlemmer av Norges Fjordhestlag vert utnemnde av styret.</p> <p>Medlemmar under 15 år vert barnemedlemmar i Norges Fjordhestlag (under Barnas Fjordhestlag). Desse medlemmane har ikkje stemmerett, men er representerte gjennom sine lokallag.</p>	<p>verv i NFL, men må vere myndig.</p> <p>Æresmedlemmer av Norges Fjordhestlag vert utnemnde av styret.</p> <p>Medlemmar under 15 år vert barnemedlemmar i Norges Fjordhestlag (under Barnas Fjordhestlag). Desse medlemmane har ikkje stemmerett, men er representerte gjennom sine lokallag.</p>
<p>§ 4 Organisasjon</p> <p>Medlemmer i Norges Fjordhestlag organiserast i lokallag. Lokallaga i eit fylke skal samansluttast til eit fylkeslag. I tillegg er det organisert to distriktslag: Nordfjord og Sunnfjord. Organisasjonen sine rettar og plikter vert utøvde gjennom fylkeslag, distriktslag og lokallag. Årsmøtet i Norges Fjordhestlag fastset retningsliner for arbeidet i fylkeslag, distriktslag og lokallag.</p>	<p>Inga endring</p>
<p>§ 5 Utmelding</p> <p>Utmeldinga må skje skriftleg til Norges Fjordhestlag. Det skal betalast medlemskontingent til og med det året utmelding skjer.</p> <p>Medlem som etter påkrav ikkje har betalt kontingent i 1 år, kan strykast som medlem.</p>	<p>Inga endring</p>
<p>§ 6 Medlemskontingent</p> <p>Medlemmer i Norges Fjordhestlag skal betale kontingent etter vedtak av årsmøtet. Norges Fjordhestlag krev inn medlemskontingenten.</p> <p>Fylkeslag, distriktslag og lokallag fastset sjølve kva medlemskontingenten skal vere for sine lag.</p> <p>For hovudmedlemmer omfattar kontingenten også retten til å få medlemsbladet tilsendt.</p>	<p>Inga endring</p>
<p>§ 7 Årsmøte</p> <p>Årsmøtet er øvste avgjerdsorgan i Norges Fjordhestlag. Årsmøtet må haldast innan 1. juni. Årsmøtet vert leia</p>	<p>§ 7 Årsmøte</p> <p>Årsmøtet er øvste avgjerdsorgan i Norges Fjordhestlag. Årsmøtet må haldast innan 1. juni. Årsmøtet vert leia</p>

<p>av den valde ordstyraren.</p> <p>Årsmøtet er samansett av utsendingar frå lokallag (evt. fylkeslag og distriktslag) i høve til medlemstalet, ordstyrar og styret for laget.</p> <p>Det er det samla medlemstalet i kvart fylke som er avgjerande for talet på utsendingar. Utsendingane til årsmøtet i Norges Fjordhestlag skal veljast på årsmøtet til lokallaga (evt. fylkeslaga og distriktslaga). Årsmøtet er ope for alle. Alle medlemmer i Norges Fjordhestlag har møte- og talerett. Berre styret og dei utvalde utsendingane har framleggs- og røysterett. Utsendingane må vere myndige. Styret har ikkje røysterett vedkomande årsmelding og rekneskap. Ordstyrar har ikkje røysterett.</p> <p>Alle fylkeslag og distriktslag har rett på minst ein utsending til årsmøtet. Deretter ein ny utsending for kvar påbyrja 30 medlemmer.</p>	<p>av den valde ordstyraren.</p> <p>Årsmøtet er samansett av utsendingar frå lokallag (evt. fylkeslag og distriktslag) i høve til medlemstalet, ordstyrar og styret for laget.</p> <p>Det er det samla medlemstalet i kvart fylke som er avgjerande for talet på utsendingar. Utsendingane til årsmøtet i Norges Fjordhestlag skal veljast på årsmøtet til lokallaga (evt. fylkeslaga og distriktslaga). Årsmøtet er ope for alle. Alle medlemmer i Norges Fjordhestlag har møte- og talerett. Berre styret og dei utvalde utsendingane har framleggs- og røysterett. Utsendingane må vere 15 år eller eldre myndige. Styret har ikkje røysterett vedkomande årsmelding og rekneskap. Ordstyrar har ikkje røysterett.</p> <p>Alle fylkeslag og distriktslag har rett på minst ein utsending til årsmøtet. Deretter ein ny utsending for kvar påbyrja 30 medlemmer.</p>
<p>§ 8 Innkalling og gjeremål</p> <p>Leiaren i styret sørgjer for innkalling til årsmøtet. Innkalling til ordinært årsmøte skal vere skriftleg, og skal sendast fylkeslaga minst 3 veker på førehand. Med innkallinga til ordinært årsmøte ligg det ved sakliste, årsmelding, rekneskap og moglege innkomne framlegg.</p> <p>Årsmøtet sine gjeremål:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Val av 2 utsendingar til å skrive under møteboka 2. Handsame årsmelding 3. Handsame rekneskap. Legge fram budsjett til orientering. 4. Val <ul style="list-style-type: none"> - val av styreleiar - val av 2 styremedlemmer - val av første og andre varamedlem til styret - val av ein medlem og ein varamedlem til valnemnda - val av ordstyrar - val av medlemmer til Nordangs Minnefond etter vedtektene for fondet - val av to revisorar som ettersynsmnd 	<p>Inga endring</p>

5. Avlsutval og aktivitetsutval. Årsmøtet skal velje to medlemmer og ein varamedlem til kvart utval. Varamedlemmene er valde kvart år. Medlemmene er valde for to år om gongen

6. Fastsetjing av medlemskontingent til landslaget

7. Innkome framlegg

Framlegg som skal handsamast av årsmøtet må vere styret i hende innan 1. februar.

Alle vedtak på årsmøtet, med unntak av endringar i vedtektene og oppløysing av Norges Fjordhestlag, blir gjort med vanleg fleirtal. Kvar utsending har ei røyst på årsmøtet.

Ved val der det er framlegg på fleire kandidatar, vert den vald som får meir enn halvparten av røystene. Dersom ingen får meir enn halvparten av røystene, vert det halde omval på dei to som har fått flest røyster.

Norges Fjordhestlag skal ha eit avlsutval på tre medlemmer og eit aktivitetsutval på tre medlemmer. Til kvart utval vert to medlemmer med varamedlemmer valde av årsmøtet. Styret peikar ut ein person til utvalet. Utvalet konstituerer seg sjølv. Medlem i styret kan vere leiar av det einskilde utval. Styret kan om ønskeleg vere representert i utvalet som observatør. Styret utarbeider instruks for utvala som skal leggjast fram for årsmøtet til orientering.

§ 9 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte vert kalla inn dersom styret finn det rett, eller dersom lag som representerer minst halve medlemsstokken krev det. Ved innkalling til ekstraordinært årsmøte nyttar ein same frist som for ordinært årsmøte. På ekstraordinært årsmøte vert berre dei sakene som står på saklista handsama.

Inga endring

§ 10 Styret

Laget skal ha eit styre på 5 medlemmer valde av årsmøtet. Leiaren vert vald

Inga endring

<p>særskilt for eit år.</p> <p>Dei andre styremedlemmene vert valde for 2 år slik at to av medlemmene står på val kvart år.</p> <p>Styret vel sjølv ein av styremedlemmene til nestleiar. Varamedlemmene til styret er på val kvart år.</p> <p>Dei som vert valde inn i styret må vere medlemmer av Norges Fjordhestlag.</p> <p>Styret kan kallast saman så ofte leiaren finn det nødvendig, eller når minst to andre styremedlemmer krev det. Eit styrevedtak er gyldig når minst tre av styremedlemmene røystar for vedtaket. For at styret skal vere vedtaksført, må minst tre av styremedlemmene vere tilstades på møtet. Ein av desse må vere styreleiar eller nestleiar.</p> <p>Styret skal føre møtebok som vert underskriven av dei frammøtte styremedlemmene.</p>	
<p>§ 11 Valnemnd</p> <p>Norges Fjordhestlag skal ha ei valnemnd på tre medlemmer valde av årsmøtet. Kvar medlem i nemnda står på val kvart tredje år. Leiar er fortrinnsvis den som har site lengst i nemnda. Det skal veljast ein varamedlem til valnemnda kvart år.</p>	Inga endring
<p>§ 12 Endring av vedtektene</p> <p>Endring av vedtektene krev 2/3 fleirtal av dei avgjevne røystene på årsmøtet.</p> <p>Det skal stå i innkallinga kva framlegget til endring går ut på.</p>	Inga endring
<p>§ 13 Oppløysing</p> <p>Oppløysing av Norges Fjordhestlag kan berre handsamast av det vanlege årsmøtet. Det krevst at minst 4/5 av dei tilslutta laga er representerte.</p> <p>Dersom frammøtet ikkje er stort nok, kan framlegget takast opp igjen på nytt årsmøte etter ein månad. Oppløysing av laget krev då 2/3 fleirtal. Dersom Norges Fjordhestlag vert oppløyst, skal moglege eige delast mellom fylkeslag og</p>	Inga endring

distriktslag i samsvar med medlemstalet deira.	
---	--